

# Rondo kurioso

Det keisame vert spennande, farleg og nesten uuthaldeleg. Kvar er Michelle, kvifor kjem ho ikkje att?

## ■ ROMAN

Vidar Sundstøl:  
**Tingene hennes**  
Tiden

Ein norsk krimforfattar er på ferie ved Middelhavet, i lag med Michelle, den amerikanske kvinna han er gift med. Han står innanfor ei glassdør og ser ut, Sundstøl hevdar at han då står framom døra, men han om det, i alle høve står no krimforfattaren der, namnlaus enn så lenge, først på side 120 får me vita at han heiter Tor Haugen, eit namn det knapt kan vera nokon grunn til å gjera ein løyndom av. Michelle er ute og joggar. Ho kjem snart attende. Og Tor Haugen tenkjer på bøkene sine, han tenkjer på Michelle, han tenkjer på morgonkåpa han kjøpte til henne i Chicago, og han tenkjer på ho mor, som døydde for ikring fem år sidan. Dessutan tenkjer han på ei setning han har skrive, men som han ikkje minnest at han skreiv.

Tor Haugen tuslar ikring i feriebusstaden. Han er innom dei same tankane, dei same formuleringane, som var dei stasjonar på ei trikkeline. No er han her, snart er han der. No er han der att. Og alt utviklar seg naturleg, han ser ut glaset, eller glassdøra, ute i disen ein stad byrjar det afrikanske kontinentet, nedanfor huset ligg ein landsby, eit dryss av raude teglsteinstak. På ein rasteplass ved motorvegen står tre horer, dei har horeuniform, forstår me, meir sminke enn klede, og Tor Haugen veit at dei er sigøynarar. Korleis han veit det, seier han ikkje noko om.

Medan han ventar på Michelle, høyrer han på radioen. Der vert det snakka om ei ung skotsk kvinne som er meld sakna. Tre-fire gonger høyrer Tor Haugen etterlysinga, slik han er innom dei andre tankane tre-fire, kanskje fem gonger. Og etter kvart tek han til å uroa seg for

Michelle. Kva om det er hendt noko? Ho skulle vel ha vore her no.

## Sirkeløving

Slik er stort sett heile boka. Ei hending som mest av alt er fråværet av hendingar. Og dette inkje som teksten krinsar om, dette som ikkje har skjedd merkande, veks til mogelege hendingar, til teikn på at eitkvart kan ha støytt til Michelle.

Vidar Sundstøl har skrive ein roman som er ei slags sirkeløving, ein rondo oppbygd av ordinære så vel som kuriøse element, eller der det vanlege vert framheva som noko særst og der det vesle vert viktig og symboltungt, ei tekstreise til og frå augneblinken, der hovudtemaet vender attende, om att og om att, regelbunde og kvar gong forsterka av at tida har gått og ingenting likevel har vorte tilført. Nervetrådane i romanen vert stramma av det som ikkje skjer, av skort på haldepunkt, og Sundstøl freistar ikkje å driva opp tempoet. Det er, med andre ord, ei bok som fortel ei sannsynleg og på yta keisam kvardagshistorie, i eit stilreint, men alminneleg, sikkert og korrekt språk. Under det kvardagslege ulmar det i noko som kanskje ikkje er kvardagsleg likevel. Det keisame vert spennande, farleg og nesten uuthaldeleg. Kvar er Michelle, kvifor kjem ho ikkje att?

Gradvis vert lesaren kjend med Tor Haugen. Han fortel oss, eller seg sjølv, at han er ein barn. Han voks opp med mora, men veit ikkje kven faren var. Han våga berre å spørja henne éin gong, og då fekk han ein lusing til svar. Det vesle han fortel om livet med mora, verkar sant og opplevd, kan henda med unnatak av dei refleksjonane han gjorde straks ho var død. Slike augneblinkar er ikkje tida for kjøleg analyse.

## Står stille

Vidar Sundstøl har med den tredje boka si på tre år, romanen *Tingene hennes*, skrive ein tekst som prøver ut kor stille det er mogeleg å

stå og kor lite ein treng av effektar for å halda på lesaren. Nokre brot på eksperimentet skjer, mellom anna tek Tor seg ein tur ut og hamnar på ein slags kafé, han har til og med ei ikkje heilt truverdig oppleving med ei av dei tre kvinnene på rasteplassen, men stort sett er teksten trufast mot det fråverande plottet. Ikkje kjem her nokon freistnad på språkleg forføring heller, for Sundstøl skriv stilistisk nøytralt og utan anna særpreg enn ein og annan minimal glipp, som at Michelle kan sova med det eine kinnnet og det eine augneloket over dyna. Eg har ei dim aning om kva han meiner, men slik det står skrive, får eg inntrykk av at Michelle må vera ein slags mutant, med løgne augnelok og lause kinn.

Her er ein flott passasje om røynslene attom det Tor Haugen skriv om tragisk lagnad i bøkene sine, ei oppleving som ikkje vart til noko, med ei prostituert kvinne i København: «Tragedien i hver av de seks bøkene hans begynner egentlig ved den samme bardisken i

København. Den begynner med at et menneske ikke greier å motstå fristelsen. Suget. Han forestiller seg at det bare finnes ett sug. At det alltid er det samme suget. Enten det gjelder penger, narkotika eller sex. Han skriver alltid ut fra den ene erfaringen han har med dette suget. Han vet ingenting om narkotika eller prostitusjon eller raske penger. Han vet bare hvordan det føltes å være i nærheten av suget den gangen i København. Det var noe med den erfaringen som gjør at han kan bruke den til å skrive troverdig om ting han aldri har opplevd. Samtidig vet han at ingen ville ha godtatt denne erfaringen som grunnlag for å skrive om de tingene han skriver om.»

Slik er det.

*Odd W. Surén*

*Odd W. Surén er forfatter og fast bokmeldar for Dag og Tid.*